

Mottakar: Hordaland fylkeskommune Kulturavdelinga Sakshandsamar M.O. Askvik
Avsender Os kommune Hordaland, Kultureininga. Sakshandsamar G. Byrkjeland
Dato: Os, 26. 08 2015

DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN 2016 – SØKNAD

Tiltak:

Det finns idag eit stort mangfald i kulturtild for eldre i Os kommune. Det er mange samarbeidspartar i aktivitetstilbodet som vert gjennomført med stor frivillig innsats. Me søker midlar for å vidareføre ein del kulturtild som er bygd opp med midlar gjennom den kulturelle spaserstokken samt gje rom for nye hendingar. Tal på eldre i kommunen aukar. Kulturtild for seniorar og oppover i alder skjer på mange arena. Mange arrangement i regi av den kulturelle spaserstokken på institusjon er opne for alle interesserte og er ein viktig møteplass.

Vedlagt rapport for 2014 viser korleis vi nyttar midlar vi søker om og er grunnlag for prioriterte tiltak.

1 KULTUROPPLEVINGAR i institusjon (musikk, dans, teater) (x28 hendingar) kr 140 000

Tilbod til bebruarar på Luranetunet og til heimebuande som deltek på Gamleheimshagen dagsenter.

Vi vil fortsetje med populært tiltak: «LURANESLÅTTEN» – eit musikalsk treff annakvar torsdag der eldre på Lurane syng og rører seg i trygge rammer. 20 samlingar, løn til musikalsk leiar.

Det inngår stovekonserter på alle 6 avdelingar og minikonserter for palliative pasientar som ikkje kan delta i større arrangement. Døme: Dans ved Lisa Nøttseter, song ToneLise Moberg, song og trekkspel Gabriel Fliflet, «Den gode melodi», vokal Eirin Røykenes, teater; Bergen Seniorteater med fleire.

2 KULTUR OG KUNSTOPPLEVING i bygd og by (kunst, litteratur, kulturhistorie) x10 hendingar kr 100 000

Å oppleva noko på ulike arena saman med andre i samfunnet som Os folkebibliotek, Gamlestovo på Hauge, Lyngheimtunet, Oseana Kunst & kultursenter, Lysøen Museum, Hordamuseet, Kulturbesøk i Bergen, arrangement TRYGG I OS; båttur til Rosendal med meir. Samarbeid med frivillige lag og organisasjoner.

3 MAT PÅ GAMLEMÅTEN – mattradisjon og generasjonsmøter x 7 kr 20 000

Aktivitet for at tilrettelagd for demente for oppleve å delta i aktivitet og oppleveling av meistring. Gjerne samarbeid med skule og eller med frivillige organisasjon. Få personar deltek, lagar mat og nyt mat saman.: råmjølkkjeks, potekaker, ulike lefser, flatbrød, koke syltetøy, betasuppe mm. Lage oppskriftshefte til å dele med andre; ord og uttrykk for lokal mattradisjonar.

Målgruppe: Alle eldre på dagsenter og i pleie- og omsorgsboliger/sjukeheim og tilbod til heimbuande i kommunen

Kulturuttrykk: musikk, handverk, lokalhistorie, dans og teater

Arena: Kulturarena, museum, eldreinstitusjon i kommunen og i regionen

Tal på arrangement kring 45

Venta deltakarar: 2000 samla for alle arrangement

Start: Januar 2015

Slutt: Desember 2015

Søknadsum: kr 160 000

Finansiering Hordaland Fylkeskommune kr 160 000, Os kommune kr 100 000 + løn aktivitetskoordinator

Samarbeid Innhald i søknaden er tufta på eit godt samarbeid mellom Pleie- og omsorg og kultureininga i kommunen, frivillige - personar, lag og organisasjoner.

Vedlegg Rapport Os kommune Den kulturelle spaserstokken 2014
Falda "Trygg i Os 2014